



Arkivnr: 2018/301-4  
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Delegert saksframlegg

---

### Fylkesrådmannen etter fullmakt

## Låneopptak 2018 - I

### Samandrag

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2018 vert det teke opp eit 5-års lån på 525 mill. kr med fast rente.

### Vedtak

Det vert teke opp eit 5-års lån på 525 mill. kr med fast rente.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 05.04.2018**

Det er i 2018 budsjettet med bruk av 930,5 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Det er sannsynleg at det vil bli gjort budsjettendringar gjennom året, slik at denne summen kan endre seg noko.

Ein tek sikte på å ta opp 2 lån gjennom året, og startar no med eit lån på 525 mill. kr.

Ved månadsskiftet mars/april hadde 46,7 % av låneporteføljen fast rente. I finansreglementet er det sagt at «halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje.»

Ut frå dette finn fylkesrådmannen det naturleg at ein no tek opp eit lån med fast rente, slik at ein kjem opp i om lag 50 % fast rente.

Sidan desember 2017 har lange renter vist ein stigande tendens. Prognosane tilseier at dette vil halde fram.

Fylkeskommunen har få lån med rentebinding lenger enn til 2022. Det kan difor vere ønskjeleg å binde renta fram til 2023, altså i 5 år.

Ved opptak av lån med løpetid over 1 år vert det vanlegvis kravd stadfesting frå revisor om at låneopptaket er i tråd med vedtak, fullmakter og reglar som gjeld for fylkeskommunen. Vanlegvis er det ikkje mange dagar frå anbodsrunnen til lånet skal utbetalast. Det kan vere knapp tid til å ordne alle formalitetar.

Denne gongen legg ein opp til at fylkesrådmannen først gjer vedtak om lånebeløp og rentebinding. Deretter innhentar ein stadfesting frå revisor, før ein gjennomfører anbodsrunnen. Når Bergen Capital Management gjennomfører anbodsrunnen, får fylkeskommunen sendt over liste med rangering av innkomne tilbod. Valet av långjevar gjev seg sjølv, nemleg den tilbydaren som har lågast rente.